



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		23032/2012/000/&76	Anne Berit Svenkerud Halle, 71 25 80 95	19.04.2012

Høring – NOU 2011:20 - Ungdom, makt og medvirkning

I møte i Ungdomspanelet den 10.mars 2012 vart følgjande høyringsvar vedteke i sak UP-6/12 Ungdom, makt og medvirkning. Ungdomspanelet er arbeidsutvalet til Ungdommens fylkesting i Møre og Romsdal fylkeskommune og består av ni ungdommar valt av Ungdommens fylkesting.

Vedtak i Ungdomspanelet - 10.03.2012

Ungdomspanelet i Møre og Romsdal (UP) meiner røysterettsalderen bør senkast til 16 år for lokalval, men fortsetje å være 18 år for nasjonalval.

Ungdomspanelet i Møre og Romsdal støttar forslaget om å styrke demokratiopplæringa i skolen, og viser til følgjande vedtak i utdanningsutvalet (sak Ud-1/12):

Ei ordning med både valtorg og debatt/presentasjon blir innført som normalordning ved dei vidaregåande skolane i valår i Møre og Romsdal.

Utdanningsutvalet meiner at Kunnskapsløftet gir rom for politikk-kunnskap og oppfordrar skolane til å la elevane få praktisk erfaring med dette temaet der skolane kan ta inn relevante miljø der det er naturleg etter kompetansemåla i læreplana.

Det innførast ein temadag/temauke i mellomvalår med politikk og samfunn som fokus.

Politiske parti bør både brukast i undervisninga og få besøke skolar for å halde stands på fellesarealet etter avtale med skoleleiinga.

Ungdomspanelet støttar utvalet i ei auka satsing på kunnskap om det digitale medborgarskapet og makta som ligg i dette. Ungdomspanelet stiller seg óg bak vidareføring av slettmeg.no som eit viktig grep i lag med demokratiopplæring i skolen for å sette fokus på personvern i nye media og i makta som ligg der.

Vi har lenge jobba for at medverknadsorgan for ungdom skal bli lovfesta både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Dette er nødvendig for å formalisere medverknad for ungdom og få til ei brei rekruttering av ungdom til desse utvala.

Vi har i fleire år hatt som eit av våre prioriterte mål å arbeide for velfungerande ungdomsråd i kommunane. Fylkeskommunens koordinering av dette arbeidet, med opplæringstiltak og erfaringsdeling, har hatt klar positiv effekt for kommunane sitt arbeid med ungdomsmedverknad.


Vi meiner at lovfestinga må opne for eigne lokale måtar å organisere arbeidet på. Dette ut frå at kommunane og fylka er geografisk og folketalsmessig svært ulike. Til dømes ønskjer vi å vidareføre vår organisering av Ungdommens Fylkesting(UFT) og UP. Ungdomspanelet har lenge hatt ei organisering som har fungert formålstenleg, og både vi og andre som har kjennskap til arbeidet i UP og UFT finn at dette har ei tenleg form i dag. Vi ønskjer ikkje å gå over til regionale

ungdomskonferansar etter modell frå Nord-Trøndelag.

Ungdomspanelet er spesielt nøgde med at det no skal arrangerast Ungdommens Storting. Vi ser fram til å følgje etableringa av eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom.

Med helsing

Janne-Katrin Hansen Sævik
Leiar Ungdomspanelet



Anne Berit Svenkerud Halle
rådgivar